

Nr. 2-2016, årgang 51.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Anne Karine Skipar og Tone Syftestad deler ut g aver til 6.klassingane ved boklanseringa i kyrkja den 25. mai.

Side 8: Sj  konfirmantane fr  v aren 2016.

Side 10: Les meir om boklanseringa i kyrkja.



Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid



Kristen Salmelid
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
kyrkjeverge.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Rune Lia
Sokneprest i Kviteseid og
Brunkeberg (vikar)
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 90 98 08 03
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal,
Fjågesund og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
sokneprest.vradal@
kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kantor.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@
kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland
Kyrkjelydssekretær
Kontor tlf. 35 06 81 28
post@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Framsidedfoto: Hamish Moore
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit
og Niklas Karlsen
Passfoto: Kurt Nødland
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615



Foto: Steve Slater. https://www.flickr.com/photos/wildlife_encounters/
<https://creativecommons.org/licenses/by/2.0/> (bildet er klippet og gjort lysere)

Ein favorittsalme

av **Dagfinn Køhn.**

Det er mange salmar eg likar veldig godt, men ein av favorittane må vere "Jeg løfter opp til Gud min sang." Salmen er skriven av Magnus Brostrup Landstad (1802-1880), som også ein periode var prest i Kviteseid. Det eg særleg likar ved denne salmen, er at han teiknar ein himmel over tilværet og gjev håp for livet og framtida. Forfattaren Egil Elseth har skrive om denne salmen at "Landstad viser oss pilegrimen på vei mot målet. Ikke med angsten i hælane, men med forventninga i blikket." Melodien er også flott å synge for kyrkjelyden, det er eit løft i melodien. Nedanfor fylgjer dei tre fyrste og mest kjende versa i denne salmen.

Jeg løfter opp til Gud min sang
ennu en gang
fra disse jordens daler.
Vår Herre Krist han henter meg
snart hjem til seg
i himlens høye saler.

Som lyntet far,
han kommer snar,
da skal hans pris
på annet vis
de Guds basuner tale.

Når min forløsning stunder til,
jeg gledes vil
og løfter opp mitt hode.
Da løses jeg, da går jeg inn
til vennen min,
Gud være evig lovet!
Da reises av
den mørke grav
det som var sådd
med sukk og gråt,
da er den søvn utsovet!

Når fikentreet skyter blad,
jeg er så glad,
da vet jeg det blir sommer.
Når himmerikes blomster gror,
for visst jeg tror
Guds rike snarlig kommer!
Hans brud jeg er,
hans ring jeg bær,
har lampen tent
og hjertet vendt
til ham, all verdens dommer.



Rike minne og positive erfaringar frå «flyktningeturar» i Vrådalen og Morgedal

av **Jon Ingebretsen**

Eg har fått glede av å vere med på mange samvere og turar i skog og fjell med flyktningane vi har hatt

hjá oss. Det har vore menneske frå Syria, Irak, Afghanistan eller afrikanske land. Eg har inntrykk av at dei var glade og takksame for å

bli teke med på turar i naturen. Det verka som om denne fysiske bruken av kroppen gav dei mental styrke til å takle kvardagen og deira krevjande situasjon betre. Dei var høflege og hjelpsame i alt me skulle gjere – bere med seg stor og tung tursekk, finne ved, fyre bål, hente vatn, koke og servere kaffi og noko å bite i, til kvarandre. Det har også

vore lokale menneske herfrå som stundom har slege fylgje med oss: Tone Syftestad, Anne Karine, Brit, Nina, Cecilie, Ella, Tahar Haddad eller prostidiakon Eilev. Flyktningane har sett pris på deira deltaking, og turane vart då ekstra hyggelege. Biletet er frå ein av turane i Morgedal, eg har gjeve det tittelen: "Sommarfugl i vinterland."



Frå venstre Solveig Løfgren, Gunhild Dobbe, Kirsti Skjæveland, Ellen Kathrine Køhn og Olaug Røise.

Å bygge relasjonar er grunnlaget i god diakoni

av prostidiakon Eilev Erikstein

I Kviteseid har dei ei Besøksteneste som gjer nett det. Åtte menneske er involvera i tenesta. Fem av dei var samla på Misjonshuset ein kveld i april.

Frå venstre Solveig Løfgren, Gunhild Dobbe, Kirsti Skjæveland, Ellen Kathrine Køhn og Olaug

Røise. Det er ikkje få timar desse legg ned i teneste for sine medmenneske. Besøkstenesta er eit samarbeid med Heimetenesta i Kviteseid .

Om nokon har tid og overskot til å vera med i Besøkstenesta kan dei melde seg til leiar i Diakoniutvalet Kirsti Skjæveland.

Kyrkjebyggjaren Aslak Bergland

av Olav Mosdøl

Kven var morgedølen Aslak Bergland, som i studieåra skreiv ei interessant diktsamling om skiløyparen Sondre Norheim på bygdemål? Kven var denne presten i Kviteseid som gjekk inn i folkedjupet på ein slik måte, at det kom ein deputasjon med 200 underskrifter til han? Folket bad om at han måtte bli verande, då han søkte stilling som sokneprest i Borre i 1920.

Aslak Aslaksson Bergland var fødd på Bergland i Morgedal 14. oktober 1862. I 1885 fullførte han latinartium med karakteren laudabilis prae ceteris, og den unge Bergland som interesserte seg for latin, begynte på det teologiske studiet.

Teneste i nord

Første presteembete til Aslak Bergland var i Tana i Finnmark. Litt før Bergland var ferdig med embets-eksamen hadde han gift seg med Helene Gundersen i 1888. Ho var frå Østfold og fødd i 1866. Fru Helene var eit overskotsmenneske med stor arbeidskraft, personleg nøysemd og tydeleg organisasjonstalent.

Presteløna var ikkje stor, så dei heldt husdyr, dyrka poteter og hadde kjøkkenhage. Barna måtte også ha tilsyn og oppfølging. Då dei drog frå Christiania hadde dei 2 barn, og ved

flytting til prestegarden i Kviteseid hausten 1903 hadde dei 10.

Sokneprest i Telemark

Det var ei lang ferd for ein prestefamilie med ti barn å reise frå Tana til Kviteseid i 1903. Det er interessant å lese noko av det Aslak Bergland sa i talen ved sin «tiltrædelse» i Brunkeberg kyrkje 23. august 1903: «Kjære menighed. Vi føler alle, at der er et sted paa jorden, hvortil man er knyttet med de fineste bånd, og det er hjemstedet, hvor man først saa dagens lys, og hvor man tilbragte de lykkelige og sorgløse dage i forældrenes hjem bland søskende og barndomsvenner. Til dette sted vil tankerne uvilkaarlig søge tilbage.»

Ny kyrkje i Kviteseid

Aslak Bergland kom til å bli sokneprest i Kviteseid til 1921. Aslak Bergland kom til å bli ei drivande kraft i arbeidet med den nye kyrkja i Kviteseid. Når det galdt byggjematerialar, valde arkitekt Haldor Larsen Børve å satse på ein fin, lokal granitt. Den fanst i eit fjellparti ut imot Sundebrua. Derifrå kunne steinblokkene først ned til Sundkilen og køyrast på isen mot Kviteseid sentrum. Aslak prest fortalde seinare: «Ein av hestane mine gjekk i løypa til kyrkja det meste av vinteren.» Bygningsfolka gjorde kyrkja ferdig i 1915, og ho vart innvigd av biskop Bernt Støylen 18. juni 1916.

Aslak prest og fru Helene

Korleis var livet på Moen prestegard i den tida? Aslak prest var ein oppteke mann, og fru Helene styrde hus og heim med 14 barn. Gunhild Evensen frå Solum har fortalt noko om dette i ein liten artikkel i Varden. Ho fortel det på sin personlege måte (omsett til nynorsk): «Eg blei konfirmert av Bergland, og heimen hans var den mest harmoniske heim eg kan tenkje meg. Aldri var det eit uvenleg ord å høyre. Eg kan ikkje forstå at fru Helene Bergland kunne rekke alt det ho gjorde.»

Våren og sommaren 1916 vart ei minnerik tid for presteparet Aslak og Helene. Kyrkjene i Kviteseid og Fjågesund hadde stått ferdige og blitt innvigde 18. og 19. juni. Det hadde vore stor festivitas der biskop Bernt Støylen hadde stått for innviinga. Mange prestar hadde kome til festdagane. Aslak og Helene hadde opplevd eit høgdepunkt og fått mykje ros og omtale.

Men eit harmonisk familieliv på Moen prestegard fekk sin ende. Mor Helene vart sjuk. Ho døyr på Skien sjukehus 8. oktober, berre 50 år. Det vart allmenn sorg i heile bygda då meldinga kom. Sørgjehøgtida blei halden i den nye kyrkja på Hamaren. Ei mengd med kransar blei lagd ned frå familie, vener og bygdefolk. Særskilt var ein stor sølvkrans frå alle kyrkjelydane i Kviteseid. Då det ikkje var komen ny kyrkjegard i Kviteseid enno, vart Helene Bergland gravlagd på



Brunkeberg.

Bergland til Borre

Tida etter at fru Helene var død kom ein ny, krevjande periode i Aslak Berglands liv. Bergland søkte stillinga som sokneprest i Borre i 1920 – og fekk den. Han flytta dit og vart buande på den store prestegarden fram til pensjonsalderen i 1932/33.

Bergland var ein dyktig forkynnar og samla alltid mange under sin talarstol. Ut ifrå bibeltekst og solide historiske kunnskarar var han interessant å høyre på, og med sin fenomenale hukommelse hadde han rike kjelder å ause av. Konfirmantane som gjekk i lære hos han, lika telemarkingen og hans forteljarglede, og dei lærte mange salmevers hos han.

Han døydde 8. desember i ein alder av 96 år. Aslak Bergland blei gravlagd ved Brunkeberg kyrkje 13. desember 1958.



Konfirmantar våren 2016

1. rad frå venstre: Guro Tangerud Jønholt, Solveig Syrtveit Mikalsen, Emilie Vestgarden Mikalsen.
2. rad frå venstre: Ragnhild Gotuholt, Marlene Bakken Braun, Marianne
3. rad frå venstre: Prest Hallvard Jørgensen, William Augustin Valen,
4. rad frå venstre: Jens Ludvig Hopland Nordskog, Tarjei Sollid Haugen,



Heimdal Hauge, Malin Teigen, Maja Nordskog Ek Brynlsen, Ida Thomine

Elden Haugland, Solbjørg Fangel Mo, Alise Nekstad Grave.

Bjørnar Kilen Midtbøen, Benjamin Ståland Riis, Sondre Torsdalen.

Tor Berge, Tarald Verstod, Jon Råmunddal.



Tarek Kafrouni viser fram biletet han har teikna til 6. klasse. Teikninga viser kartet til Syria, og born som er fanga der.

"Om eg var ein flyktning" - konsert og boklansering

av Svanhild Fidjeland

25. mai var det konsert i Kviteseid kyrkje, arrangert av 6. klasse ved Kviteseid skule med lærar Anne Karine Skipar i spissen. Då det var akuttmottak for flyktningar i Vrådal og Morgedal, hadde klassa besøk av Ahmad og Moner frå Syria. Det dei fortalde om landet sitt og reisa til Europa, har inspirert 6. klassingane

til å teikne og skrive dikt om korleis det er å vere flyktning. Dikta har blitt til ei flott bok, som vart lansert på konserten.

Det er fleire som har sett ord på korleis livet til ein flyktning kan vere, mellom anna Lars Bremnes, som har skrive "Elias' sang". Det er bakgrunnen for at han vart spurd

om å kome til Kviteseid og halde konsert, noko han sa ja til. Ei fullsett kyrkje fekk dermed gleda av å høyre mange av dei gode tekstane hans og fin musikk, samt dikt frå boka lesne av diktarane sjølve. Lars Bremnes song om Elias som "e lei av å være problemet, det e'kje æ som har bomba mitt land. Æ e lei av å være en flyktning, æ e bære en vanlig mann." Han samanlikna med situasjonen til mange nordmenn som måtte reise til Amerika på grunn av vanskelege tider i Noreg, og song "Farvel, du Moder Norge." Vi fekk òg høyre songar som "Å kunne æ skrive" og "Folk i husan".

Flyktningkoordinator Tone Syftestad hadde ei helsing der ho takka 6. klasse for å "ha sett ord og bilete til det mange synest er vanskeleg å snakke om." Anne Karine Skipar kom òg med gode ord og med gåver til klassa: Ein stein saman med to hjarte. Slik ein stein kan skape ringar i vatnet, kan arbeidet og haldningane til 6. klassingane skape gode ringverknadar. På hjarta stod det "Takk" på norsk og arabisk – som eit symbol på at takksemnda går frå hjarte til hjarte. Ho fortalde òg at diktsamlinga har blitt sendt til kongeparet, og dei har fått takk og svar attende: Dikta har blitt lesne for familien.

Tarek Kafrouni, ein av syrarane

som budde ei tid på mottaket i Vrådal, kom med ei helsing der han blant anna takka vrådølane som hjelpte til då flyktningane kom til bygda. Han hadde teikna vakre bilete som gåver til Anne Karine og til 6. klassingane.

Elevane i 6.klasse har imponert med det dei har fått til, dei har bidrege med alt frå rigging og PR til bollebaking. Det er ikkje minst tankevekkande å sjå korleis dei har klart å setje seg inn i situasjonen til andre menneske. Vi låner orda til Marie Spikkeland Holm frå opninga av konserten: "Nå har vi sendt diktsamlinga til kongefamilien og fått Lars Bremnes til å kome på konsert. Kva blir det neste?"

Eg kjenner meg som luft,
noko ingen kan sjå eller høyre,
noko ingen bryr seg om.

Eg tenkjer på det som har skjedd,
og kva som vil skje.
Kvifor meg? Kvifor? Kvifor ikkje?

Du ser på meg med avsky,
og tenkjer at eg berre er ein
flyktning.
Men det er det du blir
når du må flykte frå krig,
og alt som er vondt.
Vi er då menneske alle saman?
For *eg* er framleis *meg*.

Vårin Noel Wilson



Song med konfirmant Ragnhild Gotuholt på samtalegudstenesta.

Eg er takknemleg for menneska eg har møtt

av Oddvar Hægeland

Juli 2016 takkar Hallvard Jørgensen av som sokneprest i Kviteseid. I dette høvet har Kyrkjebladet intervjuar han.

Kor lenge har du vore prest i Kviteseid?

Då må eg tenke. Eg vart uteksaminera frå Menighetsfakultetet i 2008. Så heldt eg fram med studiar samstundes som eg arbeidde som prestevikar rundt i Telemark. Eg var mellom anna eitt år som prest i Tokke. I Kviteseid vart eg ordinert i 2011, så då er det nesten fem år eg har vore her.

Kva har du sett mest pris på i prestetenesta di her?

Det viktigaste er nok dei mange venlege og gode menneska som vil meg vel. Det gjeld både i kjernekyrkjelyden og elles i folkekyrkja og bygdelivet. Eg har fått god kontakt med folk både i og utanom jobben. Grunnen til at eg byrja som prest var særleg at eg trengte tid og pengar til dei teologiske studia mine. Og samstundes tenkte eg det var meningsfullt å arbeide som prest, og at eg kunne gjere ein god jobb. Slik har det også blitt. I starten var nok prestegjeringa ein del prega av ei intellektuell tilnærming til teologi og kyrkje, men

dette har endra seg. Eg har generelt sett blitt meir open både i møte med folk og meiningar.

Kva har vore krevjande?

Mange tenker nok "sorg, kriser og ulukker" som svar på det spørsmålet. Men akkurat det opplever at eg har takla bra. Det som har vore mest krevjande er nok forventningar, både egne og andres. Mange av desse siste har nok vore innbilte, frå mi side. Men, ja. Jesus, og kristen tru, målber jo også sterke og høge og vakre ideal. Kjærleik, tilgjeving, rettferd, sanning. Desse idealane er liksom vindauga til det evige, til Gud. Men det betyr samstundes at det på ein måte ikkje finst ei maksgrense for kor alvorleg ein kan ta desse idealane, og leve etter dei. Men menneskelivet har også sin eigen natur, sin eigen logikk, sine egne erfaringar. Det blir viktig å leve ut trua på sunt og raust vis, og å ikkje miste seg sjølv. Og å vere nådig både mot seg sjølv og mot andre. Eg øver meg på det.

Kva skal du gjere no?

Eg skal øve meg på å sove godt om natta og slappe av i kroppen. Så vil eg vere saman med vener, gå tur i skogen, spele piano og kanskje reise. Eg skal ha fri nokre månadar. Eg har tenkt litt på å arbeide som lærar eller kanskje til og med drive med noko innanfor musikk. Ein framtidig prestejobb er heller ikkje heilt uaktuelt, men det må nok bli på sikt.

Er musikk viktig for deg?

Ja, det blir viktigare og viktigare. Eg har alltid likt å både høyre og spele sjølv. Musikken set meg i kontakt med andre sider ved meg sjølv, og jamvel andre sider av røyndomen. Musikken kan såleis for meg vere eit utgangspunkt for meditasjon. Den gjev meg også mykje glede og trøyst. For øvrig har eg nyleg mellom anna spela på gata i Oslo saman med bandet mitt Veslehøtt. Det er Roger Steinbakk, Thomas Bentsen og meg. Vi vart til slutt jaga frå T-banen og Bussterminalen av vektarar fordi vi ikkje hadde søkt om løyve. Men mange hørde på og gav pengar og god respons. Ei dame kom jamvel bort og gav oss 500 kroner.

Har det å gå tur litt same funksjon? Det verkar som om naturen har blitt viktig for deg.

Ja, men den vekker kanskje litt andre kjensler. Ein får liksom reinsa sinnet og pusta ut når ein er i naturen. Mykje blir avklart, på ein måte. Det blir også som ein slags meditasjon for meg. Og eg kan oppleve jublande glede inni meg når eg ser noko som er vakkert, særleg eit ope landskap.

Har du eit godt råd til kyrkjelyden?

Kanskje slappe av viss ein føler behov for det. Vere glad i livet. Mange i kyrkjelyden og elles på bygda gjer mykje frivillig arbeid. Og det er veldig bra, det gjer at kyrkja (fort. s. 15)



Døypete

Vrådal: Seming Wardenær.
Spencer-Emil
Breivik-Nekstad.

Kviteseid: Ella Sereti Jebsen.
Halvor Vaagen
Kvalbein.
Vilde Skipar-
Thomassen.

Brunkeberg: Sondre Martinsen
Heggtveit.

Gravlagde

Vrådal: Leiv Klungseth.
Astrid Synnøve
Woldstad.

Kviteseid: Liv Nystad.
Kåre Oredalen.
Mary Opsund.
Torhild Draugedalen.

Brunkeberg: Guro Kjeldal.
Oddvar Noraberg.
Birger Arnfinn
Kittilsen.

(fort. frå s. 16)

Sun. 11. 17. s. i treeiningstida Mark 5,35-43
Inga gudsteneste.

Sun. 18. 18. s. i treeiningstida Sal 38,10-16

Kviteseid kl.11. Familiegudsteneste. Rune Lia.
Unge Røyster. Kyrkjebok til 4-
åringar frå heile kommunen.
Konfirmantpresentasjon. Ofr. Laget.

Sun. 25. 19 s. i treeiningstida Luk 9,57-62

Vrådal kl.11. Hausttakkefest. Familieguds-
teneste. Rune Lia. Barnegospel.
Konfirmantpresentasjon.
Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt i
Ecuador.

Meir himmel på jorda

(fort. frå s. 13)

og bygda blir gode stader å vere. Samstundes er det viktig at ein har kontroll over seg sjølv. Ein må gjere det ein føler glede for. Og det er lov å seie nei viss ein ikkje har lyst.

Dei som kjenner deg og har følgd med har jo ikkje unngått å leggje merke til at du har vore på ei personleg reise. Er du ein tankens mann?

Ja. Eg liker å tenke, fundere og reflektere. Men det er ein fare ved det. Eg kan nok også tendere til å bli nevrotisk og for kjenslevar. Ein av mine beste vener er frå Japan, og han arbeider som prest i Noreg. Han har ein annan tradisjonsbakgrunn enn meg og nokre andre innfallsvinklar til livet. Han har ofte peika på at livet er meir enn kunnskap, og at ein må lære leve med paradoks og motsetnader. Ikkje alt kan, eller skal, bli forstått og analysert.

Eg har funne eit avisoppslag frå Varden datert 25/6-2002. Her møter vi ein Hallvard som nettopp er uteksaminert frå Kvitsund med berre to femmarar på vitnemålet. Dei 27 andre var seksarar.

På Kvitsund var eg veldig samvitsfull. I ettertid ser eg likevel at allmenndanning, og det å kunne utfalde seg i livet på gode måtar, er langt viktigare enn gode karakterar. Det er viktig å arbeide godt på skulen, altså. Men eg blir tankefull av å tenke attende på den perioden i livet mitt; korleis det var, og kva som kunne vore annleis.

Er det noko du har lyst til å seie heilt til slutt?

Eg er veldig takknemleg for alle eg har møtt her som har vore gode, rause og imøtekomande. Eg har trivst betre og betre her i bygda og har falt litt meir til ro. Dessutan er det med åra blitt meir naturleg for meg å vere i kontakt med meg sjølv og mine kjensler. Det er viktig.

Oppslagstavla

Litt om prestevikar Rune Lia og situasjonen vidare

Som tidlegare nemnt i kyrkjebladet, vil det det bli ei nedskjering i prestestillingane i Kviteseid, frå 150% til 100%. Dette medfører også ei nedskjering i gudstenestet, frå 72 til 52. I skrivande stund har den éine prestestillinga vorte lyst ut to gonger, men utan tilslag frå aktuelle søkarar. Stillinga vil

etter planen bli lyst ut på ny etter sumaren.

Inntil ny stilling blir fylt, er det Rune Lia som er vikar i Kviteseid, i 100%. Lia er frå Lunde, men har slektsrøter både i Kviteseid og Seljord. Han har også i tidlegare periodar vikariert i Kviteseid og trivst godt med både folk og natur her i området. Lia vil kanskje bli verande som vikar her fram til nyttår 2017, avhengig av korleis det blir med ny prest.

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Gudstenester

JUNI

Sun. 26. Aposteldagen Apg 9,1-19

Brunkeberg Avskilsgudsteneste for Hallvard Jørgensen. Asgeir Sele. Dåp. Nattverd. Oftr. Agder og Telemark bispedømmeråd. Avskilfest på Misjonshuset etter gudstenesta.

JULI

Sun. 3. 7. s. i treeiningstida Luk 19,1-10

Undeberg kl.16. Friluftsgudsteneste. Rune Lia. Oftr. Bibelselskapet.

Tors. 7. Kveldsbøn

Kviteseid kl.19.30. Rune Lia. Kyrkjekaffi.
gamle

Sun. 10. 8. s. i treeiningstida Luk 19,1-10

Kviteseid kl.11. Rune Lia. Nattverd.
Oftr. Sjømannskyrkja. Kyrkjekaffi.

Tors 14. Kveldsbøn

Kviteseid kl.19.30. Kristin Buckholm.
gamle Kyrkjekaffi.

Sun. 17. 9. s. i treeiningstida Luk 6,36-42

Vrådal kl.11. Gudsteneste. Kristin Buckholm. Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.

Tors 21. Kveldsbøn

Kviteseid kl.19.30. Kristin Buckholm.
gamle Kyrkjekaffi.

Sun. 24. 10. s. i treeiningstida Ef 4,29-32

Inga gudsteneste.

Tors. 28. Kveldsbøn

Kviteseid kl.19.30. Kristin Buckholm.
gamle Kyrkjekaffi.

Sun. 31. 11. s. i treeiningstida Joh 8,31-36

Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Øyvind Jørgensen.
Dåp. Oftr. NLA Høgskolen. Kyrkjekaffi.

AUGUST

Sun. 7. 12. s. i treeiningstida Joh 4,27-43

Sud-Kilen kl.12. Gudsteneste. Øyvind Jørgensen.
gard Oftr. Den norske Israelsmisjon.

Sun. 14. 13. s. i treeiningstida Joh 15,13-17

Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Nattverd. Oftr. Wycliffe.

Sun. 21. Vingardssundag/14. s. i treeiningstida Matt 19,27-30

Vrådal kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Nattverd. Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 28. 15. s. i treeiningstida Joh 15,9-12

Kviteseid kl.11. Gudsteneste.
gamle Oftr. Kyrkjelydsarbeidet. Kviteseid-
dagen på bygdetunet.

SEPTEMBER

Sun. 4. 16. s. i treeiningstida Matt 11,16-19

Brunkeberg kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Konfirmantpresentasjon.
Kyrkjekoret. Nattverd. Oftr. Signo.

(fort. s. 14)